

2021

RØLDAL



Leilegheit 101, 102 og 103

BYGG 4

## **Ve og vel**

v/Hilde Susann H. Aadland

95 27 37 68

[haa@stord.kommune.no](mailto:haa@stord.kommune.no)

## **Nøklar:**

Om ikkje anna er avtala skal nøklar hentast og leverast i kundetorget på Rådhuset.

## **Prisar:**

Prisar

Tidsrom	Stor	Liten
Vintersesong pr. helg/veke	1400,-	700,-
Haust/sumarsesong døgnpris	350,-	250,-
Vinterferie/haustferie pr. halvdel	2500,-	1200,-
Påskeferie/julaferie pr. halvdel	2800,-	1500,-

## **Skikort:**

Du bør bestille skikort på internett før du reiser opp til Røldal. I normale tider vil alle medlemmer i Stord kommune Ve og vel og deira husstand få 20% rabatt på skikort.

(Under korona pandemien er det avgrensa antall i skibakken, og Ve og vel får diverre ikkje rabatt på skikorta).

## **Litt om leilegheitene:**

Me eig tre leilegheiter i Røldal.

To store leilegheiter, dei er 69 m<sup>2</sup>, er spegelvendt, men elles heilt like. Ei lita leilegheit, 28,5 m<sup>2</sup>, er veldig godt utnyttat arealmessig. Alle ligg i same bygningskropp.

Garasje og bod i kjellaren til alle leilegheitene.

Leilegheitene ligg ca. 200 m frå Røldal skisenter.

## **Alpint**

Prisar, opningstider og eventuell leige av skiutstyr og kjøp av fleire heiskort, sjå link.

<http://www.roldal.com/>

## **Langrenn**

Om du likar langrenn, kan du ta trekket opp og gå innover fjellet i oppkøyrde løyper.

Løyper finn du og nede i Røldal og oppe i Valldalen.

Det tek berre 10 minuttar med bil til Korlevoll, rett på vestsida av Røldal- og Seljestadtunnelen. Her finn du FIS- godkjent skistadion med både ljosløyper og korte og lange skiløyper. I tillegg er det eit skileikområde med gapahuk.

<https://www.visithaugesund.no/opplevelser/langrenn-pa-seljestad-og-i-roldal-p960143>

## **Røldalsterrassen**

Koseleg pub/restaurant/kafè som ligg inn på området i tilknytning til leilegheitene. Her får du kjøpt både mat og drikke.

## Utstyr

- Dyner og puter (ta med sengkledde og handkle sjølv)
- Godt utstyr kjøkken (til 8 stk i dei store og 4 stk i den litle) med oppvaskmaskin
- Klutar og vaskemiddel til vask av leilighet
- Tv (flatskjerm)
- Internett
- 2 soverom (8 sengeplassar) i dei store.  
1 soverom (3 sengeplassar) i den litle (dobbel køyseseng),  
men her kan ein liggja i stova (sovesofa)
- Bad med dusj/toalett/vaskemaskin
- Vindfang med varmekablar
- Elektriske omnar
- Vedomnar i dei 2 store
- Garasje
- Bod (her finn du ved)
- Flott utsikt

NB! Dersom det manglar noko av kjøkkenutstyr, send e-post til [haa@stord.kommune.no](mailto:haa@stord.kommune.no)

## Korleis søkje

Søknadsskjema på Stord kommune si heimeside skal nyttast. Søknadar utanom vert ikkje registrert.

<https://stord.custompublish.com/soek-paa-leilegheit-i-roeldal.6085257-445102.html>

## Søknadsfrist

Vert sendt ut på e-post. Kvar avdeling/arbeidsstad har ansvar for å hengja opp plakat då ikkje alle har tilgong på datamaskinar eller har kommunal e-post.

## **Betaling**

Betaling vert enten trekt på løn eller betalt inn på konto.

## **Innsjekk/utsjekk**

Ve og vel har sett innsjekk/og utsjekk til kl. 15.00 (fredag kl. 15.00 til måndag kl. 15.00, og måndag kl. 15.00 til fredag kl. 15.00)

Om ikkje anna er avtala skal nøklar hentast og leverast i kundetorget.

## **Generelle reglar ved leige**

Framleige/leige for andre er ikkje tillate.

Det er ikkje tillate å ha dyr eller røyka i leilegheitene.

Manglar må meldast frå. Eventuelt skadeverk må leigetakar betala straks det er utbetra.

Etter vedtektene i sameiga er det ikkje lov å ha med hund.

## **Utstyr du sjølv må ta med**

- Sengeklede
- Handkle
- Vaskemiddel til oppvaskmaskin
- Oppvaskklut
- Fyrstikker
- Toalettpapir

## **Vegen til leiligheten i Røldal**

Ta av frå hovudvegen ca. 1 km etter Røldal skisenter.

Leiligheitene våre ligg i 2.husrekkje i bygg 4 og har nummer 101, 102 og 103. Sjå kartskisse.

### **Når du er framme i leiligheta**

Hugs å opna hovudkrana på badet.

Sjekk at det er vaska, og at innbu og utstyr er på plass.

Ventilator/vifte på kjøken: Set i støpsel (inne i skap, over komfyren)

### **Før du reiser**

Gjer reint kjøleskap, (ikkje la matvarer liggja att), komfyr/steikeomn, golvvask og støvtørking. Vask av bad/wc/dusj.

Varme: Når du drar, skal omnane stå på 15 grader.

NB! Lås altandøra

NB! Oppvaskmaskina kan ta opp til 2,5 timar.

NB! Sløkk alt lys, men la utelampa ved inngangspartiet stå på

Steng av vatnet med hovudkrane. Tapp ut vatnet som er i røyrane.

Søppel: Skal leverast i «miljøhuset» ved Røldalsterassen.

**NB!** Dersom ikkje noko anna er avtalt skal nøklar leverast i Kundetorget snarast mogleg.

Dersom noko er øydelagt og kan ordnast, finn du verktøy i dei store leiligheitene.

Me ber deg vera nøye med reglane slik at det vert kjekt for oss alle å koma til leiligheitene.

Forlat leiligheten slik du ynskjer å finna den.



God tur og ha eit fint opphald!



## Bilete

